



Brua er for trang for store køyretøy, noko denne skaden er prov på.

Uskedalsbrua, ein flaskehals? Til dette er vel svaret eit klart ja. Denne, i bygda kalla Skulebrua, er ei av i alle fall tre bruer som er gått ut på dato, både med omsyn til trafikkettleiken og storleiken på køyretøya.

Dei to andre er Enesbrua og Handelsbrua. Alle tre plassene er det uråd for to køyretøy å passera kvarandre. Det vert stadig registrert at store, lange køyretøy som køyrer utover og skal over brua, må leggja seg heilt over til venstre for å få heile køyretøyet med seg over brua.

Som biletet syner, er det i det siste eit større køyretøy som har teke med seg hjørna på brupilaren på inste sida opp mot Kjærlandsvegen. Kan det vera eit samferdsletiltak for Uskedal Utvikling?

Tekst og foto: Einar Gjertsen
Nett: Thor Inge Døssland